



Lloyd Ryland  
Holsbergstien 8  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10340 - 22/40301

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
25.05.2022

## Svar på førespurnad om ferdigattest - gbnr 310/239 Holme

Alver kommune viser til din førespurnad om ferdigattest for tiltak på gbnr 310/239 datert 10.12.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Oppføring av mur og gjerde på eigedomen vart godkjend i vedtak datert 12.08.2014. Tiltaket hadde krav om ansvarsrett og tidlegare tiltakshavar Einar Hodneland fekk godkjend ansvarsrett som sjølvbyggjar. Du kjøpte eigedomen i 2016 og opplyser at du har utført det godkjende tiltaket i perioden juni 2016 – august 2017. Det vart søkt om ferdigattest 02.03.2018. Søknaden var ikkje fullstendig, jf. kommunen sitt brev datert 09.03.2018. Vi har ikkje mottatt etterspurd dokumentasjon og søknaden om ferdigattest er ikkje behandla.

Søknadsppliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest som skal sendast inn av ansvarleg søkjar. I dette tilfellet har tidlegare eigar fått godkjend ansvarsrett som sjølvbyggjar på eigen bustad for alle funksjonar og arbeidsoppgåver i tiltaket. Regelen om sjølvbyggjar gjeld berre eigen bustad/eigedom. Før det godkjende arbeidet vart starta opp skulle det derfor ha vore søkt om endring i tiltaket og send inn nye ansvarsrettar frå ansvarlege føretak, eventuell send inn ny søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for ny eigar.

For å få avslutta tiltaket med ferdigattest kan du søkja om endring av tiltaket slik skildra over og så senda inn ferdigattest.

Søknadskjema finn du her: [Søknadskjemaer for byggesak - Direktoratet for byggkvalitet \(dibk.no\)](#)

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Lloyd Ryland

Holsbergstien 8

5918 FREKHAUG